

Osterøy kommune

Rådhusplassen

5282 LONEVÅG

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 16/3579

Dykkar 14/3495 17/5983

referanse:

Dato: 09.06.2017


Osterøy kommune Hordaland - 2. gongs offentleg ettersyn av kommunedelplan for sjø og strandsone 2017-2027 - uttale

Vi viser til brev av 11.04.2017 frå Osterøy kommune med oversending av 2. gongs offentleg ettersyn av kommunedelplan for sjø og strandsone.

Fiskeridirektoratet region vest meiner at areala som er sett av for fiske og akvakultur i stor grad imøtekjem innspela vi hadde i førre høyringsrunde, men vi rår likevel til einskilde justeringar. I planføresegna pkt. 6.10 vert det stilt krav til minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten frå akvakulturanlegg innanfor områda VA 1,2,4, 7 og 9. Utslepp av spillfør og fiskeavfall til resipienten vert regulert etter Forureiningslova, og vi ser ikkje at kommunen med heimel i Plan- og bygningslova kan regulere utslepp frå akvakulturverksemd. Vår vurdering er derfor at denne føresegna må takast ut. Krav til reguleringsplan for akvakulturverksemd rår vi i frå fordi vi meiner at rammevilkår for arealbruk vert tilstrekkelig utgreia gjennom kommunen sin arealplan og gjennom handsaminga av akvakultursøknad.

Merknader til plankartet

Innleiingsvis peiker vi på at plankartet som er sendt ut på høyring ikkje er tilstrekkelig leseleg m.o.t. tekst til dei einskilde typar arealbruk på kartet. Plankartet og planføresegner utgjer dei viktigaste delane av ein arealplan, og vi ser det som ein føresetnad at ein sikrar tilstrekkelig teknisk kvalitet før dokument/filar vert sendt ut på høyring.



Døme på sviktande teknisk kvalitet i kartet

Generelt meiner Fiskeridirektoratet region vest at endringane som er gjort på plankartet i høve til arealbruk for fiske og akvakultur, imøtekjem våre innspel til arealdisponering ved førre høyringsrunde. Ved 1. gongs høyring var det forslag om å ta ut 10 av i alt 14 akvakulturområde som ligg inne i gjeldande plan. 4 av i alt 8 lokalitetar med løyve til matfiskoppdrett vart med dette planframlegget liggjande utanfor sjøområde sett av for akvakultur. Etter vår vurdering var dette planframlegget ikkje i tilstrekkelig samsvar med nasjonale forventningar til arealplanlegging for å sikre tilstrekkelig areal til akvakulturnæringa.

I noverande planframlegg har kommunen teke inn att 3 av områda, og plankartet syner no i alt 7 separate område som er satt av for akvakultur (VA). Ikring kvart av akvakulturområda er det sett av areal til kombinerte føremål kor det er tillate med fortøyingar frå oppdrettsanlegg (VKA):

- Skaftå (VA-1, VKA-1 + VA-2, VKA-2)
- Blom (SVA-3, VKA-3)
- Viknabukta (VA-4, VKA-4)
- Litletveitholane (VA-5, VKA-5)
- Angesskår (VA-6, VKA-6)
- Øyjordsvika (VA-7, VKA-7)
- Tepstad (VA-8, VKA-8)

5 av i alt 6 lokalitetane kor det i dag er gjeve løyve til matfiskoppdrett ligg innanfor AK-område etter noverande planforslag:

- 13644 Tepstad
- 13563 Angesskår
- 13831 Kvamme (ligg utanfor planlagt AK-område)
- 13876 Litletveitholane
- 12156 Blom
- 18898 Skaftå

Det er i tillegg satt av areal ved to område kor det pd. ikkje er etablert akvakultur:

- mellom Klokkarneset og Drageneset (lokalitet 11677 Øyjorsvika, trekt attende 18.08.2016)
- Viknabukta sør for Haus (lokalitet 13652 Viknabukta, trekt attende 20.03.2015)

Akvakulturområda og fortøyingsområda dekker i stor grad arealbruk slik anlegga er lagt ut i dag. Vi påpeiker likevel nokon av områda er marginale m.o.t. framtidig trong til arealbruk, t.d. ved Blom der det i dag er lagt ut eit kompakt stålanlegg. Ved utskifting av dette anlegget til eit meir moderne, men samstundes meir arealkrevjande plastringanlegg, vil arealet som er sett av trulig ikkje vere tilstrekkelig. Generelt rår vi til å sette av tilstrekkelig store område som muliggjør bruk av plastringanlegg som er den teknologi som vert mest nytta i dag.

Registrert rekefelt utanfor Litletveithola

I sjøområdet utanfor lokalitet 13876 Litletveitholane er det registrert rekefelt som er sett av som område for fiske i gjeldande plan. Rekefelta er område som historisk har vore nytta til trålfiske etter reke. Av omsyn til akvakulturverksemda som er etablert, foreslår kommunen endre arealbruk frå 'Fiske' til 'Kombinerte formål i sjø og vassdrag' slik at fortøyingsystema frå anlegget ikkje vert i strid med planføresegna. Det attverande arealet som er sett av for fiske, vil etter vår vurdering ikkje vere eigna for tråling etter reke. Fiskeridirektoratet er generelt oppteke av at rekefelta vert halde fri for installasjonar som kan kome til hinder for trålfiske. Vi har ikkje referansar til at feltet utanfor Litletveithola har vore nytta til rekefiske gjennom dei seinare åra, og i praksis ser vi ikkje konfliktpotensiale som stort. Av omsyn til å sikre tilstrekkelig område til fortøyning av etablert oppdrettsverksemd, rår vi til at eit større areal inngår i området som er sett av til 'Kombinerte formål i sjø og vassdrag' (VKA).

Merknader til planføresegna

Føresegn 6.10 om utslepp til resipienten

Fiskeridirektoratet region vest har tidlegare påpeikt at det ikkje er heimel for å regulere drifta av oppdrettsverksemd gjennom Plan- og bygningslova. Bakgrunnen for dette er at kommunen gjennom føresegna til første planutkast stilte krav til '0'- utslepp til resipient frå lokalitet 18898 Skåftå. Lokaliteten er pr. i dag godkjent for produksjon av laks og aure med 3120 tonn MTB (maksimalt tillaten biomasse). Løyve til å drive akvakultur på einskild lokalitet (lokalitetsklarering) er heimla i Akvakulturlova og tilhøyrande forskrifter. Løyve til å drive fiskeoppdrett inkluderer løyve etter Matlova, Forureiningslova og Hamne- og farvannslova. Når det gjeld utslepp til resipient av spillfôr og feces er det fylkesmannen som regulerer utsleppsmengd og har tilsynsmynde etter Forureiningslova.

I siste planframlegg har kommunen endra denne planføresegna til;

6.10 For område Skaftå (VA 1og 2, lokalitetsnr. 18898), Blom (VA3, lokalitetsnr. 12156), Viknabukta (VA4), Øyjordsvika (VA7) og Heldal (VA9) skal det vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten (PBL § 11-9, nr.6).

Med dette føreslår kommunen regulering av utslepp til resipient til å gjelde drift av anlegg innanfor akvakulturområda VA-1+VA-2 Skaftå, VA-3 Blom, VA-4 Viknabukta, VA-7 Øyjordsvika og VA-9 Heldal*

(* vi finn ikkje at det er sett av noko VA-9 Heldal på kartet, og vi føreset derfor at ein ved mistyding har forveksla med VA-8 Tepstad).

Fiskeridirektoratet held fast ved at drift av akvakulturverksemd ikkje kan regulerast etter Plan- og bygningslova. Utslepp av organisk materiale til resipient vert regulert etter Forureiningslova.

Krav om reguleringsplan for oppdrettsverksemd

Det vert stilt krav om reguleringsplan for all akvakulturverksemd med unntak av mindre endringar på eksisterande lokalitetar. Fiskeridirektoratet region vest understrekar at vi rår i frå krav om reguleringsplan;

«Sjølv om kommunen har heimel til å krevje reguleringsplan for akvakulturanlegg, ser vi det som lite hensiktsmessig med reguleringsplan for akvakultur i sjøområda. Det er flytande anlegg og dynamikken og utviklinga i næringa vil i større grad sette krav til fleksible planløyseringar samanlikna med arealplanlegging på land.

Vi meiner rammevilkår for arealbruk vert tilstrekkelig utgreia gjennom kommunen sin arealplan og gjennom handsaminga av akvakultursøknad. Ytterleg krav til regulering av arealbruk innanfor akvakulturområda vil etter vår vurdering sette næringa tilbake med omsyn å ta i bruk ny teknologi og følgje den dynamikken som pregar akvakulturnæringa».

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Osterøy kommune	Rådhusplassen	5282	LONEVÅG
-----------------	---------------	------	---------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND

KOPPI